



# DEN NORSKE KIRKE

## Kyrkjebø sokneråd

Dalevegen 4  
6993 HØYANGER  
Tlf: 57714100  
Kyrkjekontoret 19.05.20.

### Møtebok Kyrkjebø Sokneråd

Møtedato: 14.05.20.

Møtetid: kl. 19.00.

Møtestad: Kyrkjebø kyrkje.

### Felles soknerådsmøte i Kyrkjebø sokn og Høyanger sokn.

#### Til stades:

Sturla Bell Fossen, Irene Aase Aarseth, Kari Henny Dale, Aud Kjersti Haugen, Ellinor Henjesand Austreim, May-Wenche Fossmark, Marit Tonning, Vidar Myren og Lars Petter Amundrud. Sokneprest Andreas Ester var til stades frå og med vedtakssak 0013/20. Veronica Vågen og Trond Gandrud hadde meldt fråver. Anna Sofia Høvik møtte ikkje.

#### Kopi av møteboka går til:

Reidar Knapstad, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekkhus, Toril Lange, Gerda Otterstein, Katarina Vattekar, postmottak Høyanger kommune.

#### Sakliste

##### Godkjenning av innkalling, sakliste og referat frå siste møte.

Det var ingen merknad til innkallinga. Det kom ei ekstrasak på saklista. Dette gjaldt «Framlegg til lokal smittevernplan for kyrkja i Høyanger». Det var ingen merknad til referat frå sist møte.

#### Meldingssaker

##### 000013 Tilsetjingsprosedyre for sokneprest, og gjennomgang av referat frå telefonintervju

Sturla Bell Fossen og May-Wenche Fossmark var til stades ved telefonintervju for søkjar til stillinga som sokneprest - og førte referat frå dette. Søknadsfrist til stillinga som sokneprest var 26.04.20., og telefonintervju fann stad 04.05.20. Frist for uttale frå Høyanger- og Kyrkjebø sokn er fredag 15.05.20. Tilsetjinga av ny sokneprest for Høyanger- og Kyrkjebø sokn vil finne stad i Bispedømerådsmøte 03.06.20.

#### Vedtakssaker

##### Sak 0011/20 Uttale frå sokneråda vedkomande tilsetjing av sokneprest

#### Vedtak:

Høyanger sokneråd og Kyrkjebø sokneråd tilrår at Andreas Ester vert tilsett i stilling som sokneprest i sokna.

##### Sak 0012/20 Val av sokneråda sin representant i innstillingsrådet til Bjørgvin bispedømme

#### Vedtak:

Sturla Bell Fossen vart valt.

**Sak 0013/20 Uttale frå sokneråda vedkomande tilsetjing av ny prost i Sunnfjord**

Vedtak:

Høyanger sokneråd og Kyrkjebø sokneråd tilrår at Knut Magne Nesse vert tilsett i stilling som prost i Sunnfjord prosti.

**Sak 0014/20 Drøfting av vidare arbeid med felles misjonsprosjekt**

Vedtak:

Høyanger sokneråd og Kyrkjebø sokneråd valte Estland som felles misjonsprosjekt (5 stemmer), framfor Mali (3 stemmer). To røysta blankt.

**Sak 0015/20 Framlegg til lokal smittevernplan for Den norske kyrkja i Høyanger**

Vedtak:

Fellesmøtet legg til grunn at føreslegen smittevernplan vert gjort gjeldande i våre sokn. Samrøystes.

For Kyrkjebø sokneråd

Ellinor Henjesand Austreim  
Sekretær